



Lars Henrik Skogtun held fram som leiar av koret. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**2010 var eit aktivt songarår for Røysterett for alle, der Lars Henrik Skogtun held fram som leiar.**

Skrivar Venke Vetrhus peikar i årsmeldinga på at koret har hatt heile 7 framføringari tilknytning til kyrkjer i fjor. -Det må vera ny rekord for oss. Vi kan visst snart søkja om status som menighetskor som det heiter iBergen, skriv Vetrhus.

Dei andre i styret er etter årsmøtet nestleiar Steinar Naterstad og styrelemmane Magnhild Skogtun, Sidsel Stigum og Randi Ljosnes medan repertoirmemnda består av desse: Jan Ove Olsen, Oscar Langballe, Oddbjørg Bjørke og Sylvi Hjelmeland.

Om korseminaret i Skånevik i januar skriv skrivaren at det trass i alle avsporingar ga eit godt musikalsk grunnlag for vidare jobbing utover vinteren og våren og at resultatet vart til å gle seg over. Om konsertane med Mariamusikk i Kvinnherad kyrkje og Valen kyrkje skriv Vetrhus at det var ei fantastisk flott oppleving å få vera med på dei. Arrangementsoversikten for ifjor har tilsaman 12 punkt.

Kasserar Anne Bogevoold kunne leggja fram ein rekneskap som synte eit årsresultat på 27.940 kroner og ein eigenkapital på 61.727 kroner. Den største inntektsposten i fjor var medlemskontingent på 37.800 kroner og den største utgiftsposten dirigentutgifter på 46.869 kroner.

Av Ola Matti Mathisen



Røysterett for alle har sunge fleire gonger i kyrkja i Uskedalen det siste året og her syng dei under eit kanadisk besøk. (Foto: Ola Matti Mathisen)